

Astrid Seime
Suhmsgate 20 c
0362 Oslo

10.desember 2012

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Høyringsuttale på nytt utbyggingsalternativ for Breimselva (Storelva)

Eg vil vise til mi høyringssvar sendt til NVE 15. august 2011, og står framleis for det same. Ei utbygging vil vere ei irreversibel øydelegging av ei elv med nasjonal verdi. Utbygginga vil framleis, med nytt alternativ, ha store konsekvensar for bygda si identitet, landskap, fiske, biologisk mangfald i elva og friluftsmogleheitar.

Nye undersøkjingar (gjennomført av NIVA sommaren 2011) syner at det er mykje yngel og mat i elva. Ei minstevassføring vil truleg føre til mykje breslam i botnen, noko som vil øydelegge alt liv i elva. Ei minstevassføring øydelegge den visuelle livsnerven i bygda. Minstevassføringa vil ikkje kunne skape noko aktivitet verken i form av padling eller fiske, og såleis viske vekk moglegheitane for anna næringsverksemder basert på friluftsliv i bygda.

Det er viktigare enn nokon sinne å ta vare på naturmangfaldet. Auka tilgang på alternative energikjelder har ikkje redusert bruken av fossilt brensel som tidlegare antatt. Utbygginga av både større og mindre vassdrag har vore stor dei siste åra, og tida er inne for å sikre resterande vassdragsnatur mot nye inngrep. Alternativ C gjev ikkje like store øydeleggingar som alternativ A, men eg er blitt enno tryggare i trua på at det å øydelegge ein viktig bærekraftig ressurs for å skape fornybar energi ikkje vil gje oss ei betre framtid.

Vennleg helsing
Astrid Seime